

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 19.01.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav i perioden 24.11.2017 - 19.1.2018**

ARKIVSAK: 2018/91
STYRESAK: 003/18

STYREMØTE: 08.02. 2018

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 24.11.2017-19.1.2018

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld
Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten mv. (helsetilsynsloven)	15.12.2017	Lova er ei oppfølging av nokre av forslaga frå Arianson-utvalet i NOU 2015:11; Med opne kort, og skal erstatta lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstenesta m.m. Forslaget til ny lov er i all hovudsak en vidareføring og samling av gjeldande rett, men inneheld blant anna følgjande endringar: Plikten til å varsle om alvorlege hendingar til Statens helsetilsyn blir utvida til å omfatte alle helse- og omsorgstenester. I dag gjeld varslingsplikta berre for spesialisthelsetenesta. Det blir lovfesta at pasientar, brukarar og pårørande får moglegheit til å varsle tilsynsmyndigheitene om alvorlege hendingar, og at det skal haldast møte etter alvorlege hendingar for pasientar, brukarar og

		pårørande. Vidare vil Statens helsetilsyn sin moglegheit til å stenge verksemdar utvidast til også å gjelde kommunale helse- og omsorgstenester. Loven trer i kraft den tid Kongen bestemmer
Omtale av nye lover og reglar som tok til å gjelde frå 1. januar 2018 på Helse- og omsorgsdepartementet sitt område, blei publisert som ei nyhendesak på regjeringen.no. 21.12.2017. Fleire av desse endringane er kunngjort før 24.11.2017. Ei kopi av saka vil derfor følgje notatet som vedlegg.		

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 24.11.201-196.1.2018

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om endringer i forskrift 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal	1.1.2017	Det er satt krav til at det i pasientjournalen skal opplysast om pasient med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade, har mindreårige barn eller mindreårige søsken. Endringa trer i kraft 1.1.2018
Forskrift om endringer i forskrift 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal	08.12.2017	Endringane er knytt til pasientane si legemiddelliste. Det er tatt inn ein definisjon av «pasientens legemiddelliste» og sett krav til oppdatering av denne ved endring. Endringane trer i kraft på det tidspunktet departementet bestemmer.

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 24.11.2017- 19.1.20187

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	15.12.2017	Det blei den 15. desember 2017 gjennomført føretaksmøte for behandling av sak om bruk av premiefond. Dei regionale heleføretaka sin bruk av premiefond i 2017 blei redusert med 218 mill. frå 5100 mill. til 4 882 mill. kroner. Helse Vest RHF sin del av redusert bruk av premiefond utgjør 42 mill.

		kroner. I tillegg blei sak om sal av eigedomen Manger i Radøy kommune behandla. Føretaksmøte vedtok: <i>1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 109/2017 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eigedomen Manger med gnr. 45, bnr. 188 i Radøy kommune.</i> <i>2. Føretaksmøtet legg til grunn at frigjorte midlar ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdier.</i> <i>3. Føretaksmøtet presiserer at ved vurderinga av oppnådd resultat i Helse Vest RHF vil ein sjå hen til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av eigedom.</i> <i>4. Føretaksmøtet legg til grunn at salet vil inngå i departementet sine samla vurderingar av Helse Vest sitt framtidige behov for langsiktige lån.</i>
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	16.1.2018	Det blei den 16. januar 2018 gjennomført føretaksmøte for formidling av krav og rammer m.m. for 2018. Protokollen frå føretaksmøtet blir lagt fram for styret i eiga sak.
Oppdrags dokument 2018	16.1.2018	Oppdragsdokumentet for 2018 blir lagt fram for styret i eiga sak.